

Dugnadsjobb Voss IL Nordisk Mai - September 2019

Voss IL Nordisk har jobben med reinhald av Vangen kvar laurdags- og sundags morgon. Dette er ein god dugnadsjobb som klubben tener ca 55 000 kr på. Pengane nyttar me m.a til å dekkja utgifter til trenarar, samlingar, startkontigent og reiser for eldre utøvarar som konkurrerer utanom kretsen.

Jobben på laurdag er monaleg mindre enn sundagsmorgonen. Vi skal då plukke bos på torget, utanfor kinoen, på plenen ved kyrkja og på plenen ved "Ridande Vossabryllaup ved stasjonsbrekka". Her er det mykje anleggsarbeid på gang, slik at området ved Stasjonsbrekka er mykje mindre enn før. Me skal ikkje rydda på anleggsområdet, men har ansvar for fortauet på nordsida av vegen forbi Søreide til dette sluttar der stasjonsbrekka før gjekk opp.

På sundagsmorgonen skal me ta opp papir, knuste flasker og anna bos som har kome til i Vangsgata og Uttrågata over natta. Sjå over parkeringsplassane ved tinghuset og på Holbergsplassen og busshaldeplassen i Fengselstomta. Ta ein tur langs Prestegardsalleen og vegen i Prestegardsmoen til Tintrabrua. Bosset du finn kastar du i spanna langs vegen. Er det store mengder kan ein kasta dette i container sør på gravplassen (mot idrettshallen). Ta gjerne panten frå panteflaskene sjølv. Andre flasker putter ein i eigna avfallsstasjonar. Høver ikkje den oppsette vakta, må de byta med ein annan på lista eller andre som ikkje kom med ved fyrste tildeling.

«Stafettpinnen» frå familie til familie går på facebook nordiske greiner. Det er avsendar sitt ansvar å sjå til at mottakar svarar med eit like eller kommentar. Medlemmer som ikkje er på fb ringjer me til.

Jobben startar 0800 dette for at Vangen skal vera rein og fin når butikkane opnar. I reiskapshuset aust på idrettsbana vil de finna utstyr som hanskar, klype, kost og spade som kan nyttast.

Helsing

Styret for Nordisk

Dato helg	Familie		Dato	Familie
01.mai	Fam. Finne og Døssland		20.jul	Fam. Turtveit
04. mai	Fam. Ure		21.jul	Fam. Turtveit
05.mai	Fam. Ure		27.jul	Fam. Fagerbakke Fosse
11.mai	Fam. Dugstad		28.jul	Fam. Fagerbakke Fosse
12.mai	Fam. Dugstad		03.aug	Fam. Fosse Nilsen
18.mai	Fam. S. Børsheim		04.aug	Fam. Fosse Nilsen
19. mai	Fam. S Børsheim		10.aug	Fam. Akerlie
25.mai	Fam. Aas		11.aug	Fam. Akerlie
26.mai	Fam. Aas		17.aug	Fam. Håheim
01.jun	Fam. G Røthe		18.aug	Fam. Håheim
02.jun	Fam. G Røthe		24.aug	Fam. Seim
08.jun	Fam. Bergstrøm		25.aug	Fam. Seim
09.jun	Fam. Bergstrøm		31.aug	Fam. Brekke
15.jun	Fam. Brattebø Rongve		01.sep	Fam. Brekke
16.jun	Fam. Brattebø Rongve		07.sep	Fam. Skjeldal
22.jun	Fam. Kindem Skorve		08.sep	Fam. Skjeldal
23.jun	Fam. Kindem Skorve		14.sep	Fam Vågen
29.juni	Fam. Wæhle		15.sep	Fam Vågen
30.juli	Fam. Wæhle		21.sep	Fam. Herheim
06.jul	Fam. Ringheim		22.sep	Fam. Herheim
07.jul	Fam. Ringheim		28. sep	Fam. R. Røthe
13.jul	Fam. Ø Låstad		29. sep	Fam R. Røthe
14.jul	Fam. Ø. Låstad			